



Under 60 og utan skjegg. Nina Kaasa, Heidi Troneng, Kristin Ødegård Vestgarden, Evy Beate Tvetter, Karin Hagen, Kristin Hovden, Kristin Digranes Bøen og Ingrid Sundbø har også meiningar om kommunesamanslåing.

okk og kultur

arbeid etter at saka er avgjort, dersom det blir kommunesamanslåing.

– Me får ta det som ei utfordring. Eg trur folk klarar å sette strek etter avstemminga, seier Kaasa.

På tide å slå seg saman

– *Samarbeid i staden for samanslåing?*

– Det har fungert, men når nye ting skal innførast må det innom tre kommunestyre, påpeikar Digranes Bøen.

– Med tre kommunestyre dreg ein i tre retningar. Med ein kommune har ein berre ein kommuneplan for eksempel. Ein vil trekkje i same retning, trur Tvetter.

Ho meiner også at det blir demokratiunderskot i interkommunale selskap.

– Me samarbeider om alt, me kan like gjerne slå oss saman, tykkjer Vestgarden.

– Snart er det berre sjølve kommunegrensene og kommunevåpna som gjer oss til eigne kommunar, resten er felles, påpeikar Kaasa.

Moro å byggje noko saman

– *Nye argument?*

– Det blir gøyare i kommunestyret om me slår oss saman, kjem detusiastisk frå Tvetter, nyinnvalt i kommunestyret sist haust.

Ho peikar på at då kan ein

leike seg i heile Midt-Telemark. Bøbussen for eksempel må få større rute.

– Det blir utruleg gøy å byggje noko saman. Det er framtida vår det handlar om, held ho fram.

Kaasa seier at mange av dei unge med barn som ho kjenner i Lunde jobbar i Bø. Dei har ofte kjøpt hus i Lunde fordi det er billigare og det er mangel på hus i Bø.

– Alle er avhengige av at det er nok hus tilgjengeleg, påpeikar ho.

– I ein samanslått kommune kan me ha større område å planlegge på, for eksempel planlegge bustadfelt, påpeikar Sundbø.

– Det er også viktig distriktpolitisk, det har kanskje ikkje vore så mykje framme. Eg trur at me står politisk sterkare mot sentralisering om me slår oss saman, seier Vestgarden.

– Høgskolen i Sørøst-Noreg i Bø har vore klar på at den treng eit tyngdepunkt, supplerer Troneng.

Kraftsenter

– *Kva er visjonane for ein ny kommune?*

– Det skal bli eit kraftsenter i Telemark, seier Vestgarden og får begeistra tilrop.

– Kompetanse, kumlokk og kultur, kjem det frå Troneng og stemminga løfter seg.

– Ein god stad å leve, legg Sundbø til.

Dei andre boblar over av ord som Kanalen, Lifjell, frukt og grønne arbeidsplassar. Og dei er klare på at me ikkje må la negative haldningar i dei andre kommunane påverke oss i Bø til å seie nei.